

# Møteprotokoll

**Utvalg:** Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen  
**Møtested:** Fondsbu, Vang  
**Dato:** 26.09.2013  
**Tidspunkt:** 15:00

## Følgende faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Mai Bakken	Leder	
Ivar Kvalen	Nestleder	
Vidar Eltun	Medlem	
Iselin Jonassen	Medlem	
Frida Melvær	Medlem	
Jørand Ødegaard Lunde	Medlem	

## Følgende medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Arild Ingar Lægreid	Medlem	

## Følgende varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Marie-Helene Brandsdal	Arild Ingar Lægreid	Årdal

## Merknader

Ivar Kvalen møtte seinare pga kommunestyremøte, og deltok frå og med sak 34.

Marie-Helene Brandsdal hadde meldt forfall til dag 2, og var med i møtet t.o.m. sak 34. SNO v/ Rigmor Solem til stades under møtet på dag 1 – 26.09.13

## Fra administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Magnus Snøtun	Nasjonalparkforvaltar
Kari Sveen	Nasjonalparkforvaltar

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

## Saksliste

<b>Utvalgs-saksnr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Lukket</b>	<b>Arkiv-saksnr</b>
ST 30/2013	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 31/2013	Referatsaker		
RS	Oppnevning av nytt varamedlem	2013/575	
RS	Søknad om tillatelse til bruk av bil til Glitterheim i forbindelse med vedlikehold	2013/2807	
RS	Besseggløpet 2013 - rapport	2012/7879	
RS	Møteprotokoll arbeidsutvalet Jotunheimen og Utladalen 09. september 2013	2013/1328	
RS	Besøksforvaltning i norske nasjonalparker	2013/575	
RS	Oppdrag - Oppdatering av truethetsvurderinger av verneområder - Naturbase	2013/5837	
RS	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Fagleg rådgjevande utvalg - referat fra møte 12. september 2013	2013/5906	
RS	AU-behandling - Dispensasjon - Drift av rutebåten på Gjende - behov for ekstraturar 2013	2013/434	
RS	Informasjon om midler til utvikling av forvaltningsknutepunkt	2012/7614	
RS	Stadfester nasjonalparkstyrets vedtak - Besseggløpet - Besseggen Arrangement	2012/7879	
ST 32/2013	Delegerte vedtak		
1/2013	Jotunheimen nasjonalpark - Delegert vedtak - Dispensasjon - Motorferdsel - 2013 - Bruk av motorbåt for transport av materialer i forbindelse med byggearbeid ved Gjende - Stokk og Stein	2013/2664	
2/2013	Jotunheimen nasjonalpark - Delegert vedtak - Dispensasjon - Motorferdsel - 2013 - Løyve til utfrakting av material og avfall fra hytte ved Gjertvatnet - Fjellstyret for Luster austre statsallmenning	2013/5988	
3/2013	Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Delegert vedtak - Motorferdsel - 2013 - Kjøring etter Gravdalsvegen i samband med landbruksverksemd - sauheeigar Trygve Husom	2013/6006	

ST 33/2013	Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2013 - Båtskjul/naust ved Øytjørn i Hjelledalen - Vidar Hjelle	2013/5981
ST 34/2013	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - søknad frå Juvasshytta og Raubergstulen om sikringstiltak/boreboltar på ruta mot Galdhøpiggen	2013/783
ST 35/2013	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2013 - Skilting til Jostigen og "Gjendinsjå" - Jørn Breili	2013/4762
ST 36/2013	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Drøftingssak om styret si rolle, arbeidsform/ansvarsfordeling og innspel til prioriterte oppgåver/tiltak	2013/575
ST 37/2013	Eventuelt	
ST 38/2013	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2014- 2016 - Besseggløpet - Besseggen Arrangement	2013/5721

## ST 30/2013 Godkjenning av protokoll/innkalling

**Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 26.09.2013**

### Vedtak

Saksprotokoll frå styremøte 26. juni og innkalling til møte 26.-27. september godkjent

Jørand Ødgård Lunde og Vidar Eltun vart valde til å skrive under protokollen saman med styreleiar.

## ST 31/2013 Referatsaker

**Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 26.09.2013**

Etter spørsmål frå Jørand Ø. Lunde vart det gjeve ei kort orientering om status for direktoratet sitt arbeid med besøksforvaltning.

Styret ser dette som ei viktig sak for Jotunheimen, og kan gjerne sjå for seg Jotunheimen som pilot

### Vedtak

Referatsakene tekne til etterretning

**Oppnevning av nytt varamedlem 2013/575**

**Søknad om tillatelse til bruk av bil til Glitterheim i forbindelse med vedlikehold 2013/2807**

**Beseggløpet 2013 - rapport 2012/7879**

**Møteprotokoll arbeidsutvalet Jotunheimen og Utladalen 09. september 2013 2013/1328**

**Besøksforvaltning i norske nasjonalparker 2013/575**

**Oppdrag - Oppdatering av truetethetsvurderinger av verneområder - Naturbase 2013/5837**

**Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Fagleg rådgjevande utvalg - referat fra møte 12. september 2013 2013/5906**

**AU-behandling - Dispensasjon - Drift av rutebåten på Gjende - behov for ekstraturar 2013 2013/434**

**Informasjon om midler til utvikling av forvaltningsknotepunkt 2012/7614**

**Stadfester nasjonalparkstyrets vedtak - Beseggløpet - Besseggen Arrangement 2012/7879**

**ST 32/2013 Delegerete vedtak**

**Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 26.09.2013**

### **Vedtak**

Delegerete saker tekne til etterretning

**1/2013 Jotunheimen nasjonalpark - Delegert vedtak - Dispensasjon - Motorferdsel - 2013 - Bruk av motorbåt for transport av materialer i forbindelse med byggearbeid ved Gjende - Stokk og Stein 2013/2664**

**2/2013 Jotunheimen nasjonalpark - Delegert vedtak - Dispensasjon - Motorferdsel - 2013 - Løyve til utfraktning av material og avfall frå hytte ved Gjertvatnet - Fjellstyret for Luster austre statsallmenning 2013/5988**

**3/2013 Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Delegert vedtak - Motorferdsel - 2013 - Kjøring etter Gravdalsvegen i samband med landbruksverksemd - saueeigar Trygve Husom 2013/6006**

## **ST 33/2013 Utladalen landskapsvernombjøde - Dispensasjon - 2013 - Båtskjul/naust ved Øytjørn i Hjelledalen - Vidar Hjelle**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 26.09.2013**

I diskusjonen vart det understreka frå fleire som tok ordet at ein ikkje kan akseptere ein framgangsmåte der det vert bygd innan verneområdet utan å søkje på førehand.

#### **Vedtak**

Med heimel i verneforskrift for Utladalen landskapsvernombjøde pkt. IV, 4b, får Hjelle gard v/ Vidar Hjelle løyve til:

- Å ha eit båtskjul ved Øytjørn for å skjule og sikre båt som blir brukt i samband med fiske.

Løyve er gjeve på følgjande vilkår:

- Båtskjulet skal halde dagens fysiske utvendige mål (4 m djupt, 2 m breitt og 1,7 m høgt (topp møne)) og ha same utforming (torvtak).
- Båtskjulet skal lagre båt og naudsynt utstyr til båtfiske. Bruksendring er ikkje tillatt.

Tiltaket er allereie gjennomført og tiltakshavar har søkt om løyve i etterkant. Dette er ein framgangsmåte som ikkje kan aksepterast. Nasjonalparkstyret forventar at behandlinga av politisaka tek dette inn og at det blir reaksjonar mot tiltakshavar på prosessen.

## **ST 34/2013 Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - søknad frå Juvasshytta og Raubergstulen om sikringstiltak/boreboltar på ruta mot Galdhøpiggen**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 26.09.2013**

#### **Vedtak**

1. Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Juvasshytta og Raubergstulen løyve til å ha fire boreboltar med tau for å leie folk på ein sikker trase ovafor Piggebreen når snø- og isforholda tilseier at ein bør unngå å gå langs øvre kanten av breen pga fare for å skli utfør. Det blir vurdert som eit supplement av merkinga av traseen. Det er tiltakshavar som er ansvarleg for etablering og vedlikehald av slik tilrettelegging.

Løyvet blir gjeve på følgjande vilkår:

- Tilrettelegginga skal utførast på ein mest mogleg diskret måte, og tiltakshavar har ansvar for jamleg tilsyn/vedlikehald.
- Utanom den korte strekninga ovafor breen må det ikkje riggast med tau som blir ståande oppe når passasjen ikkje er bemanna av dei som har etablert boltane.
- Dersom det oppstår situasjonar der boltane vert tekne i bruk på ein måte som kan medføre fare, kan styret krevje fjerning på kort varsel – jf. verneforskrifta § 3 pkt. 1 som set forbod mot inngrep av alle slag.

2. Tilrettelegginga vart gjort utan nødvendig godkjenning etter verneforskrifta, og saka vert rapportert til Miljødirektoratet – jf pkt. 8.5 i styredokumentet.

## **ST 35/2013 Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2013 - Skilting til Jostigen og "Gjendinsjå" - Jørn Breili**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 26.09.2013**

#### **Vedtak**

1. Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen viser til det generelle forbodet mot nye tilretteleggingstiltak innanfor verneområdet, og avslår søknad av 09.07.13 frå Jørn Breili om løyve til skilting/merking av Jo-stigen og oppsetjing av namneskilt på ein plass han vil kalle «Gjendinsjå». Dette er i tråd med tilrådinga frå Vågå tilsynsutval, jf uttale av 19.09.13.
  - Jo-stigen er ei såpass utfordrande rute at ein ikkje ønskjer traseen skilta på ein måte som kan leie urøynde folk opp i den bratte fjellsida, og styret viser til at det er eit bra rutenett i området som eignar seg godt for allmenn ferdsel.
  - Ifølgje forvaltningsplanen vil den som har løyve til merking og/eller oppsetting av bruer m.m., også ha ansvar for tilsyn og vedlikehald av tiltaket. Dette tilseier at løyve ikkje bør gjevast til enkeltpersonar, men må ha forankring i ein organisasjon eller bedrift som representerer ein kontinuitet i det aktuelle området. - Skilting av nye namn på utsiktspunkt er i strid med forvaltningsplanen, som seier at «Skilt ute i naturen i verneområda som opplyser meir enn ein vegvisar, skal det som hovudregel vere minst mogleg av», og bør vera knytt til tryggleik, særskilte kulturminne og liknande. Skiltet med det oppkonstruerte namnet «Gjendinsjå» er ikkje av slik karakter.
2. Tilrettelegginga vart gjort utan nødvendig godkjenning etter verneforskrifta, og saka vert rapportert til Miljødirektoratet – jf pkt. 8.5 i styrevedtekten
3. Eventuelle nye forsøk på merking av Jo-stigen vil bli meldt til politiet som brot på verneforskrifta for nasjonalparken.

## **ST 36/2013 Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Drøftingssak om styret si rolle, arbeidsform/ansvarsfordeling og innspel til prioriterte oppgåver/tiltak**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 26.09.2013**

#### **Vedtak**

- Bakgrunnsnotat om arbeidsform/ansvar – førebels arbeidsdokument – vart lagt fram og diskutert.  
Nasjonalparkstyret ber styreleiar arbeide vidare med saka, med attendemelding til styret.
- Notat utarbeidd av Magnus Snøtun om informasjon og skilting i Jotunheimen og Utladalen vart lagt fram, saman med biletpresentasjon av utfordringar på skilting/merking.  
Styret vil oppdatere kartet i besøksstrategien til nasjonal innfallsport også frå Tyin/Eidsbugarden. Brunt skilt for Jotunheimen NP frå E16  
Notatet og planen blir arbeidd vidare med, og forvaltarane tek med moment frå diskusjonen i dette arbeidet.

## **ST 37/2013 Eventuelt**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 26.09.2013**

#### **Saker til orientering/drøfting**

- Fjellfilmfestivalen ved Gjende  
Iselin Jonassen orienterte om arrangementet sett fra Vågå kommune si side.  
Arrangementet har stor verdi for lokalt næringsliv, og det er viktig å ein direkte og ryddig dialog mellom partane.
- Motorferdselløyvet til DNT  
Forvaltarane presiserer overfor DNT kva som ligg i begrepet «næraste familie» når det gjeld motorisert transport til/frå bedriftene

## **ST 38/2013 Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2014-2016 - Besseggløpet - Besseggen Arrangement**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 26.09.2013**

#### **Vedtak**

Med heimel i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark § 3, pkt 6.1 blir det gjeve løyve til vidareføring av arrangementet Besseggenløpet frå og med 2014, på følgjande vilkår:

1. Arrangementet skal gjennomførast over ein dag innan utgangen av juni, og deltakartalet skal tilpassast det tradisjonelle friluftslivet og annan bruk av området.  
Nasjonalparkforvaltar skal ha melding om tidspunkt i god tid før gjennomføring, og seinast innan utgangen av april kvart år.
2. Merking er lov der det trengst for å sikre at løparane held seg til den T-merka stien (samarbeid med Statens naturoppsyn). Merkinga skal fjernast same dag som løpet vert arrangert.
3. Det er ikkje lov med bruk av motorkjøretøy innafor verneområdet i samband med arrangementet, utover den eine båten Vågå Røde Kors har behov for på Gjende. Vågå Røde Kors får av beredskapsomsyn under dette spesielle arrangementet dispensasjon for å nytte eigen båt med større motor enn det som verneforskrifta opnar for, jf vurdering og vilkår i sak 27/2013.
4. Deltakarane skal følgje den merka stigen. Arrangøren gjev tydeleg informasjon til deltagarane om dette, og legg til rette med ei startordning som sikrar at det ikkje vert starta fleire deltagarar samtidig enn at dei kan halde råket opp frå Memurubu. For å hindre unødig terrengslitasje er det ikkje lov å bruke sko med metallpiggar i løpet.
5. Deltakarane skal på førehand bli informert om at løpet går i ein nasjonalpark og kva reglar som gjeld for mellom anna for forsøpling. Arrangøren er ansvarleg for at

forsøpling ikkje skjer, og har ansvar for at området vert rydda. Etter at arrangementet er gjennomført, skal stien/traseen bli gått over same dag og eventuell søppel fjernast.

6. Reklame skal ikkje plasserast i nasjonalparken. Eventuell speakerteneste innan nasjonalparken skal avgrensast til nødvendig informasjon om løpet, og skal ikkje følgjast opp med musikk over høgtalaranlegg.
7. Nasjonalparkstyret kan endre og/eller gje pålegg om andre vilkår dersom det er nødvendig av omsyn til natur og miljø, jf. naturmangfaldlovas §§ 9-10 om føre-var-prinsippet og samla belastning og § 11 som fastslår at «*kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver*».
8. Det skal skrivast ein årleg rapport som sendast til nasjonalparkforvaltninga v/ sekretariatet innan 1. september. Rapporten skal beskrive gjennomføringa av arrangementet opp mot dei vilkår som er sett i løyvet.
9. Nasjonalparkforvaltninga kan kalle inn representantar frå arrangøren og naturoppsynet til årlege evalueringsmøte etter behov, og seinast når deltakartalet når den tidlegare avgrensinga på 300 deltagarar. Det blir også kalla inn til møte dersom oppsynet ser behov, eller om ein får tilbakemeldingar som kan tyde på at tolegrensa nærmar seg når det gjeld naturbelastning og/eller omsyn til andre brukargrupper.
10. Forvaltningsplanen må oppdaterast på punkt som gjeld tilhøvet til større arrangement innan verneområdet.
11. Eventuelle behov for tilpassingar som kan bli påpeika av Lom tilsynsutval skal vurderast av nasjonalparkforvaltar og innarbeidast i endeleg løyve.

Vedtaket er fatta ut frå ei totalvurdering i forhold til verneformålet, andre brukargrupper og målsetting om auka verdiskaping knytt til bruk av verneområda.